

Saumen på Kaldestad

– offentlege tiltak for betra infrastruktur kring Hardanger fartøyvernsenter

I samband med utvidinga av drifts- og publikumsretta aktivitet er det laga ein oversiktsplan som syner naudsynte tiltak for å «sy saman» Hardanger fartøyvernsenter (HFS) med omgjevnadane. Dokumentet omhandlar i fyrste rekke dei offentlege tiltaka som inngår i planane, og som er tenkt som fryste byggjetrin.



Områdeillustrasjon over planlagde tiltak ved HFS (LJB/GEOPLAN 2022)

HFS planlegg ei stor om- og utbygging av Kulturnaustet til eit moderne museum, romsleg serveringsplass og kontoretasje for dei tilsette. Bygget skal verta inngangsporten til museet og ha ei rekke servicefunksjonar for publikum. Det vert vert den nye «storstova i Kvam». I tillegg skal det realiserast eit lagerbygg i to etasjar på sørsida av bekken med høve for utstilling/gjenstandssamling. Den byggjast slik at ein oppnår eit parkeringsareal for dei tilsette mot fylkesvegen. Publikumsparkeringa med HC parkering, vert å ligge nær hovudinngangen. Busslomme vert plassert slik at det vert tilrettelagd med fortau som fører til hovudinngangen til museet.

Prosjektet har vore under planlegging i meir enn 10 år, men siste halve året er takten lagt om, planane er reviderte og ein ser for seg ei snarleg realisering. Det har vore presentasjonar og arbeidsmøter med interessantar, grannar, tilsette og med offentlege mynde på administrativt og politisk nivå. Sjølv om ein god del detaljar står att, er søknaden å rekna som godt gjennomarbeida og forankra.



Stemningar frå området våren 2022 LJB

Staden

Strandlinja langs Sandven og Kaldestad har eit samansett preg, frå gamle naust og fin fjøra og tung industri og moderne bustader som ytterpunkt. Sandvenbekken skjær gjennom området og dannar eit tydeleg skilje mot verftsområdet. Bygningsmassen til HFS er homogen og fin, den minnar oss om maritim historie både i form og farge. Fartøya, lukt og lydar understrekar møtet med den vitale kulturinstitusjonen ved fjorden. Bakteppet er Hereiane, Fonna og fjorden på sitt breiaste, ilag med ei av dei mest vitale fjordbygdene.

Når ein skal byggja i dette området treng ein ikkje introdusera nye former eller material. Ved å lyfta fram det som allereie er her kan ein vidareutvikla området og styrkja den heilskaplege identiteten. Ein vil binda denne delen av sentrum saman med handlestaden i Norheimsund. Ein binda saman strandvegen i sentrum med gs-vegen til Vikøy.

«Byggjematerialane» ein har til rådvelde er då;

- Trebryggjer, tilsvarande dei som dannar kaifront langs HFS
- Natursteinsmurar, mot sjø og i terrenget, som Strandvegen.
- Grusveg, vidareføre materialien så lang det let seg gjera.
- Brustein, nyttå som kantavgrensing langs Strandvegen
- Harde flater i asfalt og betong er ein i visse høve prisgitt
- Bekken ligg der den ligg, men kan framhevast
- Vegetasjon, stadeigen, som selje og older

Dei offentlege tiltaka

Det er lagt vekt på å gje fellesområda eit så «offentleg» preg som råd, gjennom bruk av materialane som tilhører strandveg, gangveg, fortaug osb. Ein skal unngå å kjenna på at ein er på eit kommersielt eller privat område når ein går gjennom eller oppheld seg langs strandvegen og på offentlege plassar. Dei nye tiltak skal bidra til variasjon i det arkitektoniske uttrykket, innanfor rama av ein tydeleg og gjenkjenneleg heilskapskarakter.



Illustrasjon av planlagde tiltak ved HFS skjematisk illustrert på flyfoto (LJB/GEOPLAN 2022)

Strandvegen

Å forlengja Strandvegen er eit hovudpunkt. Den er tenkt vidareført fram til bekken og langs denne i heile lengda fram til røyret som kjem fram under fylkesvegen. I dette tiltaket ligg også etablering av kommunal pumpestasjon. Bekken lyftast fram som ein attraksjon med fin kantvegetasjon og med fleire tersklar slik at ein kan ha vatn større deler av året. Bekkebotnen vert som før med naturlege steinar og grus.

Gangveg sør

Vidare er det lagt inn ny gangveg opp bakken i sør med tilkopling til gang/sykkelvegen mot Vikøy. Det vil kreva ja bru over bekken og eit stykke ny veg opp langs skråninga. Prosjektgruppa ser store føremoner med den samanbindinga og flyt ein slik «sluttstein» kan gjera for HFS, Strandvegen, sentrum og bygda generelt.

Vendehammar

For å oppnå ei trygg og ryddig trafikkavvikling for HFS og denne delen av sentrum, er det regulert ein «vendehammar» som er dimensjonert for u-sving for buss. For at plassen ikkje skal ha for sterkt tverrfall lyt det setjast opp terremmurar mot «Lærlinghuset», Kvam Bustadstifting sin eigedom, og mot parkeringsplassen ved Kulturnaustet. Plassen er enkel og romsleg, den avsluttast med ei fortau mot aust; busstoppen.



Illustrasjon sett frå nordaust syner plassar langs strandvegen og at den svingar forbi det nye Kulturnaustet.

Leik

HFS arbeidar med å byggja ein «maritim viten/leikepark» i anlegget. Heller enn å samla slike aktivitetar på ein plass, er ambisjonen å dela opp, distribuera og byggja «leikbare element» i større deler av anlegget. Å ta i bruk kvalitetar som er på staden, som bekken, stranda osb., er også sentralt. Leiken bør kunne høva til, og invitera alle aldrar. At den har referansar til det maritime og til HFS vil vera naturleg også i dei er delene som vert liggjande i dei offentlege områda.

Plassar

Eit mål i arbeidet har vore å byggja opphaldsplasser utandørs med ulik eksponering, utsikt, storlek og bruk. På dette viset skal det vera plass til mange samstundes, men ikkje kjennast aude når det er få til stades. Den nedtrappande plassen ved bekkoset vert reine amfiet mot fjorden, medan plassen i nord er ei utviding av Strandvegen og ein uformell møteplass med god kapasitet. I samband med bygging av Kulturnaustet vil ein stor sørvend plass oppstå som ein samlingspunkt i denne delen av bygda.



Illustrasjon sett frå vest langs reperbanen. Å vidareføra Strandvegen langs bekken er eit mål i utomhusplanen.

Bekken og bruene

Når bekken har fått så stor merksemeld, ser ein det som viktig å tilretteleggja for å vera tett på den. Derfor er det m.a. planlagt ei nedtrapping til bekken og fjøra ved oset. Å gå attmed bekken eller stå på ei bru, sleppa uti ein leikebåt, prøva ein kvernall eller vassa uti og fanga ein fisk kanskje? Tersklar skal halda laga ein vasspegel i nedre del av bekken gjennom periodar med mindre vassføring. Botn på bekken skal framleis ha naturlege steinar og grus, og sidearealeet skal vere mest mogeleg naturleg mht vegetasjon. Kanhende ein får auren til å trivast.

Dei mange bekkekryssingane skal handsamast likt med «lette» trebruer. Høvesvis smale bruer der sjølve kryssinga er viktigast på dei to køyrebruene lengst vest. Brei bru, nærmest oset, vert ny hovudtilkomst til verftet frå kulturnaustet (publikumsbygget), den vert også å rekna som del av «plassen». Me kjenner oss trygge på at bruene vert fine møteplassar.

Vegetasjon

Som ledd i ambisjonen om å byggja vidare på det stadeigne vert bruken av planter eit nyttig tiltak. Langs bekken skal store fine seljer og raun takast vare på. Alt som plantast nytt skal ha referanse til bekk og strandvegetasjon i distriktet. Vegetasjonen bringar naturen inn og skapar trivnad. I bekken vil den også laga skugge som er naudsynt for livet i vatnet. Som del av oppryddinga skal det fjernast ein førekommst av parkslirekne ved bekken.



Illustrasjon sett frå fjorden i aust. Tilkomst til vatnet er ivaretaken med nedtrappande kaifront framfor Kulturnaustet

Oppsummert

I planlegging av tiltaka har ein hatt som mantra at «attraksjonen er her allereie», oppgåva vert slik sett å foredra og styrkja møtet mellom denne delen av sentrum og HFS.

Området framstår i dag som uferdig og som ein blindveg uavhengig av kvar ein kjem frå. Det omsøkte tiltaket vil rydda opp og sy saman funksjonar i denne delen av bygda på ein måte som vil koma besøkjande, tilsette og ikkje minst ålmenta til gode.